



Klage på standpunktkarakter – eleven si klage

Fristen for å klage på vedtak som gjeld standpunktkarakter er 10 dagar.

Fristen skal reknast frå tidspunktet når meldinga om vedtaket er komen fram til den som har klagerett, eller når den som har klagerett, burde ha gjort seg kjend med vedtaket, jf. forskrift til opplæringslova § 5-5.

Namn på elev		Telefon	
Adresse	Postnummer	Poststad	
Skole	Utdanningsprogram	Årstrinn	

Denne delen gjeld berre elevar som er under 18 år på klagetidspunktet

Namn på føresett		
Adresse	Postnummer	Poststad
Namn på føresett		
Adresse	Postnummer	Poststad

Klaga gjeld (ved klager i fleire fag, bruk eitt skjema for kvar klage)

Fag Fag/fagkode: _____ Namn på faglærer: _____

Orden Åtferd Namn på kontaktlærer: _____

Siste halvårsvurdering: _____ Standpunktkarakter: _____

Grunnlaget for klaga er:

Dersom klaga er lagt fram etter fristen, forklar kvifor:

Dato

Klagar si underskrift

--	--

Orientering om saksgangen ved klage

Klaga skal vere skriftleg og underskrivast. Klaga skal leverast til skolen, som sender dokumenta over til klageinstansen med fråsegn frå faglærer og rektor. Klagar skal ha kopi av dokumenta i klagesaka.

Ved klage på standpunktkarakterar i fag, eller vedtak om ikkje å fastsetje standpunktkarakter kan klageinstansen berre vurdere om gjeldande føresegner for karakterfastsetjing er følgde, jf. § 5-12 i forskrift til opplæringslova.

Resultatet av klagebehandlinga kan bli:

- Ikkje medhald, når klageinstansen vurderer at gjeldande føresegner for karakterfastsetjing er følgde
- Oppheva vedtak, når klageinstansen vurderer at det kan vere feil ved saksbehandlinga eller liknande ved fastsetjing av standpunktkarakter. Saka blir sendt tilbake til skolen som behandlar saka på nytt.

I tillegg kan klageinstansen avvise klaga dersom vilkåra for klage ikkje er tilstade. Dersom skolen avviser klaga er dette eit vedtak som kan klagast på. Klagefristen er då 3 veker.

Når klageinstansen opphevar vedtaket om standpunktkarakter og sender saka tilbake til skolen for ny behandling, kan skolen bestemme at

- Karakteren blir ståande
- Karakteren går opp
- Karakteren går ned

Avgjerda skal grunngjevast. Den er endeleg, og kan ikkje klagast på.

Den endelege standpunktkarakteren skal førast på eleven sitt vitnemål eller kompetansebevis.

For klage på standpunktkarakterar i orden og i åtferd er det klageinstansen som set endeleg karakter, jf. § 5-13 i forskrift til opplæringslova.